



Voss herad

## Kommuneplanen sin samfunnsdel

2026 - 2038




# Kommuneplanen sin samfunnsdel – nett no


Ungdomsrådet 13. oktober 2025  
*Gunnhild Utkvitne og Kjersti Næss Finne*

# Samfunnsdel (KPS) – arealstrategi – arealdel (KPA)

- **Samfunnsdelen (KPS)** skildrar kva **langsiktige mål** kommunen har for samfunnsutviklinga. Samfunnsdelen skal kunna fungera som eit **politisk styringsverktøy** og ha tydelege satsingsområde og mål. Måla i samfunnsdelen skal vera **styrande for kva andre planar kommunen vel å utarbeida**, og skal også vera grunnlag for **prioriteringar i årleg rullering av økonomiplanen**.
- Samfunnsdelen skal også innehalda ein **arealstrategi**. Føremålet med arealstrategien er å **syna samanhengen mellom framtidig arealbruk og samfunnsutvikling**. Arealstrategien skal syna koplingane mellom ynska samfunnsutvikling og arealbruk, og bidra til å «omsetja» mål og satsingsområde i samfunnsdelen til arealpolitiske grep i arealdelen.
- **Arealdelen (KPA)** skal **omsetta måla i samfunnsdelen til arealpolitiske verkemiddel og fastsetja rammer for langsiktig arealutvikling i kommunen**.



# «Bestillinga - KPS»



- Hovudmålet med å revidera kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er å gjera denne til eit tydelegare styringsdokument.
- I arbeidet med KPS vil me prioritera å vidareutvikla arealstrategien, og justera mål og strategiar i tråd med utfordringsbiletet, aktuelle «vossaplanar» frå førre planbolk samt nye nasjonale og regionale føringar og lovkrav.
- I tillegg skal me arbeida med målstrukturen slik at denne vert lettare å bruka.

# Organisering samfunnsdel

- Prosjekteigar: Rådmannen
- Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe
- Prosjektleder: Gunnhild Utkvitne (rådmannen sin stab)
- Politisk styringsgruppe: Formannskapet

## Prosjektgruppe:

- Kommunalavdeling helse og omsorg: Gullborg O. Rekve og Vilde Eikeset (Liv Jorunn Solstad)
- Kommunalavdeling kultur og fritid: Trude Letnes og Kirsten Aga
- Kommunalavdeling oppvekst: Hilde H. Rogne og Martine Kilen
- Kommunalavdeling teknisk: Kjersti N. Finne, Kaia Finne, Bjørg L. Ree og Kari Mostad
- Rådmannen sin stab: Liv Myklebust og Lina Hamre

## Ekstern referansegruppe:

Kommunale råd, Voss Næringsråd, Voss Frivilligforum  
Hardanger og Voss næringshage, Voss kulturråd

# For å få alle (som vil) med

- Debattserie i biblioteket – «*Kva slags Voss vil me ha i framtida?*» ("Turistbygda Voss" og "Sykkelbygda Voss")
- Borgarpanel ("*Hyttebygda Voss*", "*Landbruksbygda Voss*" og "*Bilbygda Voss*")
- Frivilligbørs 2025 (i regi av Voss Frivilligsentral)
- Fornybar framtid- veka for 10.klassingar (i regi av Voss Energi)
- «*Psykt bra bygd!*» - Utopiaverkstad for born og unge
- Vossadagane 2025 - "Framtidstru"
- IdéCAMP Energi 2025 (i samarbeid med Voss Energi)
- Fagdag om bustadutvikling (i samarbeid med Husbanken og lokalt næringsliv)
- Mangfaldsveka «*Fargerik juni*»
- Kunstkonkurranse "*Voss når eg vert vaksen*" for born og unge





Voss herad

# Utopiaverkstad

**12. og 13. februar**

*Eit samarbeid med Agnes Tvinnereim frå VILL*

*Finansiert av Bufdir*

## KVA VAR MÅLET MED UTOPIAVERKSTADANE?

*Det viktigaste var å få høyra kva ungdommane sjølve meiner om framtida på Voss. Kva er bra i dag? Kva saknar dei? Kva skal til for at alle skal trivst? Og kva kan dei unge sjølv bidra med?*

*Det heile handlar om å skapa eit Voss der alle kjenner seg sett og høyr. Det er jo ungdommane som skal leva her i framtida!*

Nesten uansett kva problemet er, er svaret gode fellesskap.



Korleis får  
me det til?

## SJUKT BRA BYGD !

ME TRENG DEG SOM ER UNG FOR  
Å LAGE DEN BESTE PLANEN FRAMOVER.  
VOSS ER DITT! DI STEMME TEL!

### KJEM DU?

HJARTE



Eg brenn  
for...

HENDER



Eg kan...

HOVIDE



Kva viss...

ME VIL MEIR!

TORSDAG 13. FEBRUAR KL 9-14

Ungdomsskule og vidaregåande

GAMLE KINOEN PÅ VOSS



Voss herad

**VILL**



«Viss du fekk ein einaste sjanse til å trylla, og einaste regelen er at det du tryllar må vera bra for deg sjølv og for andre - **kva ville du ha trylla då?**»

Trylla fram ei verd utan krig og urettferd

Trylla vekk stress og press på skulen  
og i sosiale medium

Trylla slik at alle har det bra og slepp å  
vera einsame

Trylla slik at alle har trygge heimar og  
gode vennegjengar



## KVA SA UNGDOMMANE?

- **Vennskap og inkludering er superviktig**  
Me må arbeida for at alle skal få vera med. Ingen skal føla seg åleine, korkje på skulen eller i fritida
- **Fleire plassar å henga saman**  
Ungdommane ynskjer fleire gratis møteplassar – både inne og ute. Det er ikkje alle som vil eller kan vera med på organiserte aktivitetar
- **Mindre press og stress**  
Skulepress, karakterar og sosiale medium stressar mange. Ungane sjølve ynskjer at skulen og vaksne skal ta dette meir på alvor
- **Bruka naturen meir**  
Voss har fantastisk natur, men ungdommane ynskjer seg fleire sykkelløyper, leikeplassar og kule uteområde som faktisk er laga for ungdom – ikkje berre for små born
- **Stopp mobbing**  
Det skjer framleis, både på skulen og på nett. Ungdommane meiner det må snakkast meir om, og at skulen må gjera meir for å stoppa det



# For å få dei folkevalde og dei tilsette med

| Politisk verkstad                            | Når        | Kven                        |
|----------------------------------------------|------------|-----------------------------|
| Mål og målstruktur                           | 12. mars   | Finansråd                   |
| Naturmangfald som grunnlag for arealstrategi | 12. mars   | UKMB                        |
| Arealstrategi og arealnøytralitet            | 24. april  | Finansråd og utvalsleiarane |
| Mangfald og inkludering                      | 15. mai    | Finansråd og kommunale råd  |
| Senterstruktur, barnehage- og skulestruktur  | 11. juni   | LEV og FPL (HTV og HVO)     |
| Jordvern                                     | 27. august | UKMB (FPL invitert med)     |

## Faglønssjar «fem på halv»

Ta med deg nista og kaffikoppen og kom på faglønssj!

Her kan du risikere å:

- lære natta nytt
- bli kjent med ein ny kollega
- rett og slutt komme i bette humør 😊

### PROGRAM HAUST 2025

- 15. august: Naturverkstaden kjem innom
- 24. september: Samfunnstryggleik og beredskap
- 22. oktober: Skisse til ny samfunnsde
- 19. november: Besøksforvaltning og beitebruk
- 17. desember: Folkehelse og samhandling



Faglønssjane tar opp tema som vert sett fokus på i samband med revisjon av kommuneplanen. Alle faglønssjane startar fem på halv tolv i kantina og varar ein god halvtime.

Me sest på faglønssj 😊

# Regionalt planforum 26. august

*Planforum skal bidra til gjensidig informasjon, drøfting og avklaring av planspørsmål og sektorinteresser mellom kommunar, fylke og sektormynde.*

- Litt som å gå opp til munnleg eksamen – og ha «foresatte» med på sidelinja (ordførar og rådmann)
- 18 sensorar - 2 timar 😊

- Bane Nor
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Kystverket
- Fagavdelingar i fylkeskommunen (11 😊)
- Forsvaret
- Forum for natur og friluftsliv Hordaland
- Statsforvaltaren (2)
- Statens vegvesen
- NVE
- Mattilsynet
- Fiskeridirektoratet

# Regionalt planforum 26. august

***Tema Voss herad kommune ynskte å drøfta:***

- Har me fått eit godt styringsdokument? 🙌
- Fungerer koplinga samfunnsmål – arealstrategi? 🙌
- Vil arealstrategien verta nyttig som utgangspunkt for vidare arbeid med KPA og planvask 🙌

# Ikkje akkurat eit sololøp...

Gullborg, Liv Jorunn, Kaia, Kari, Bjørg, Hilde, Martine, Kirsten, Trude, Liv, Ingvild, Berit Marie, Sigurd, Elisabeth, Maria, Kjetil, Nils- Helge, Styrkaar, Kristine, Mette, Silje, Magnar, Merethe, Oddvar, Signe, Elizabeth, Kristina, Inger-Marie, Tor Helmer, Vidar, Hans- Erik, Rune, Sondre, Nils Petter, Beate, Siren, Trond, Bodil, Kyrre, Lina, Kjersti og Gunnhild



# Viktige grep i ny samfunnsdel


1. Me definerer kva me meiner med «sterkt regionsenter og levande grender»




Ny senterstruktur *(ligg også som grunnlag i sak om ny barnehage- og skulestruktur)*

2. Me set eige overordna mål for kommuneorganisasjonen


# Senterstruktur - i dag




# LÉVA av LÉVA Urban Design



Kilde: <https://kart.ssb.no/>



# LEVANDE GRENDER




# STERKT REGIONSSENTER

# Regionsenter

og  
knutepunkt langs  
tre aksar

→ grendasenter

- Vest
- Nord
- Sør



# REGIONSENTER

- **VOSSEVANGEN**
- **PALMAFOSSEN**
- **SKULESTADMOEN**




| Sone | 0-5km | 5-10km | 10-15km | 15+km |
|------|-------|--------|---------|-------|
| Voss | 6403  | 730    | 512     | 78    |

\* Datastokk 02.07.2025


# GRENDASENTER

- langsiktig utvikling i kvar del av heradet - stegvis over tid
- samla funksjonar og kanalisera framtidige investeringar, - ikkje spreie dei utover
- føreseieleg for kvar kommunen skal investere, samt kva innbyggjarane kan forvente av Voss herad i relasjon til kvar ein buset seg
- **byggja opp under identitet og særeigenheit i alle delar av heradet - byggja sterke grendasenter som ivaretek ynskje om levande grender i heile Voss herad**


Nord - Oppheim



Vest - Bolstad



Sør - Granvin



## Kommuneplanen sin samfunnsdel

2026 - 2038



- Inn i Framsikt- løysinga

# Kva no?

- FPL 16. oktober
- Høyring og offentleg ettersyn 16. oktober – 27. november
- Endeleg politisk handsaming fyrste møtebolc 2026 (kommunale råd, FPL, HST)
- Vidare arbeid med KPA

# Meir medverknad 😊

| Dato                      | Tema                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Kven                                     |
|---------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------|
| 18. September             | <b>Senterstruktur og offentleg tenestetilbod</b><br>(Presentasjon av LEVA rapport: Senterstruktur og grender i Voss herad)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | HST temadag                              |
| 28. oktober               | <b>Last Tuesday</b> hjå næringshagen: KPS og KPA                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | «Alle» skal med                          |
| 27. Oktober – 4. november | <b>Tema: Samfunnstryggleik og beredskap</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>«Voss druknar, men kan kjærleiken løysa klimautfordringa?» – foredrag/ paneldebatt</li> <li>«I tilfelle dommedag» - forfattar Egil Hagerup vitjar biblioteket</li> <li>«Ta ei pota, Voss!» - matberedskap møter Grøn november</li> <li>«Kva gjer du om katastrofen råkar deg?» – med Andreas Wahl</li> </ul> Podcast, stand og bokutstilling – og Røde kors besøker vaksenopplæringa | «Alle» skal med                          |
| November                  | <b>Grøn november</b><br>Grøn november skal synleggjera og lyfta mangfaldet innan ombruk, reparasjon, utlån- og deleordningar, sirkulære løysingar og bidrag innan sosial berekraft i Voss herad.                                                                                                                                                                                                                                                                        | «Alle» skal med                          |
| 5. November               | <b>Politisk verkstad om planvask og arealrekneskap</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | UKMB og FPL                              |
| Januar – mars 2026        | <b>Ulike arealtema KPA</b><br>(hyttebygging, bustadutvikling, næringsliv, strandsone, etc)<br><b>NB:</b> Tema og opplegg vert avklart med politisk leiing innan jola                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Politiske verkstader med relevante utval |